


Til: Årdal kommune
Frå: Johannes-Henrik Myrmel
Dato/Rev: 2015-07-09

Varsel om oppstart av arbeid med DETALJREGULINGSPLAN FOR GRANDANE/ØVSTETUNSVENEN 6 ÅRDAL KOMMUNE

I samsvar med §§ 12-1, 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova vert det varsla om igangsetting av arbeid med utarbeiding av **Detaljreguleringsplan for Grandane/Øyravegen 6**.



Figur 1: Kart som viser avgrensning av planområdet.

Reguleringsplan

Forslagsstillar


Kleiven Sogn AS.

Planområdet

Planområdet er lokalisert i Øvre Årdal på Storri. Planområdet er på om 5 daa. Den viste plangrensa er førebels og kan bli justert gjennom planarbeidet.


Planstatus

Kommuneplan for Årdal vart vedteken av kommunestyret den 14. juni 2012 i sak 059//12. Området er sett av som bygg og anlegg. Av føresegnene går det fram at det bl.a. kan førast opp bustader og helseinstitusjonar.



Figur 2: Kart som syner arealbruken i kommuneplanen og lokalisering av planområde.

Området er i tillegg lokalisert innanfor fareområde for flaum og skred/ras. Planområdet er regulert i reguleringsplan for Grandane (Planid.: 1424-1999002) Arealet er delvis sett av til bustad og friområde. Deler av området i aust er i utbyggingsplan (Planid.: 1424-2007007) sett av til bustad.



Figur 3: Kart som viser arealbruken i ovannemnde reguleringsplaner.

Forskrifta om konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert til ikkje å verte fanga opp av oppfangingskriteria i forskrifta om konsekvensutgreiingar, sjå vedlegg.

Hovudmålet med planarbeidet

Det skal etablerast Intermediær klinikk i Øvre Årdal på Storri/Grandane. Det skal vere eit senter som kan gje behandling slik at pasientane er rusta til å flytte heim att etter avslutta behandling.

Planområdet er på om lag 5 daa. Gjennom planarbeidet vil området verte regulert til bustad kombinert med tenesteyting (rp 1803), veg (rp 2010) og friområde (rp 3040).

Det ligg føre ei konseptskisse for nytt bygg der det er planlagt administrativ «rygg» mot eksisterande bustadfelt der høgda varierer mellom 1 og 2 etg., terapeutisk midtsone/trivselsgate og bustadsone som knyter seg til midtsone.

Plandokument som skal utarbeidast:

- 1) Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningsloven.
- 2) Planomtale som klargjer mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknader i høve miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningsloven.
- 3) Risiko- og sårbarheitsanalyse som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningsloven.

Merknader/uttaler til oppstart av planarbeidet

For nærmere informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Johannes-Henrik Myrmel
mob 454 04 993
e-post: johm@norconsult.no

Dersom du har opplysningar, synspunkt, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS
Dalavegen 25
6865 Sogndal

Frist for å sende inn merknader er sett til 10. august 2015.

Vidare saksgang

Arbeidet er i oppstartfasen. Vi er i gang med å registrere og samle inn opplysningar for planarbeidet. Målet er å oversende planframlegget til Årdal kommune for handsaming i september 2015. Planen vert lagt ut til offentlig ettersyn når kommunen finn framlegget tilfredstillande. I samband med at offentlig ettersyn vert gjennomført, er det mogleg å sette fram merknader til planframlegget som vil bli vurdert av kommunen i samband med den vidare handsaminga av planen.

Førde, 2015-07-09

Utarbeidet:

Johannes-Henrik Myrmel

Godkjent:

Tone K. M. Kvåle

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som framgår i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Vedlegg: Vurdering av planarbeidet i høve virkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiing